



Alver kommune Miljø og Tilsyn
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 22/2061 - 22/26084

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no

Dato:

31.03.2022

Oversender søknad til uttale/godkjenning - gbnr 444/80 Mangersneset

Viser til førespurnad om å koma med uttale til søknad om utplassering av ny kum og ny trekkerøyr i samband med etablering av nytt kloakkrenseanlegg på Manger kai. Det er opplyst i søknaden at trekkerøret vil kryssa den gamle bygdevegen i myrområdet. Den gamle bygdevegen har omsynssone i kommuneplanen og verneklasse A i kulturminneplanen.

Underteikna har vore på synfaring med Atle Dingen frå prosjektavdelinga og Jan Roald Wolff Treni frå Veg, samferdsel og VA forvaltning for å sjå på plasseringa av dei planlagde tiltaka i høve til den gamle bygdevegen.

I bakkane frå fylkesvegen og ned til flaten er det meste av den gamle bygdevegen anten vekke eller øydelagd av tidlegare arbeid i området. Det er først og framst på flaten og i bakken vidare opp mot Kyrhovden at den gamle vegen er bevart. Områda der vegen framleis er godt bevarte vert ikkje berørt av dei omsøkte tiltaka. Heller ikkje grunnane av det som kan ha vore ein skjeneflor vert berørt av dei omsøkte tiltaka.

Den nye kummen er tenkt plassert i utkanten av omsynssona. På denne strekningen er den gamle vegen som nemnd omtrent vekke, men mest sannsynleg gjekk heller ikkje vegen der kummen vert plassert. Når det gjeld trekkørøret skal dette erstatta eksisterande trekkørøyr og følgja same trasé. Jamvel om dette ligg i traséen for den gamle vegen, er denne delen øydelagd av tidlegare utført arbeid. Det vart opplyst på synfaringa at vegetasjon i vegbana vert fjerna, og etter at arbeidet er slutført vert det rydda opp.

Me har ingen merknader til planane slik me har fått dei presenterte.

Med helsing
Alver kommune, Kultur

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune Miljø og Tilsyn

Postboks 4

5906

FREKHAUG